

15. januar 2020

Klima- og miljødepartementet,
Kongens gate 20,
Ved statsråd Ola Elvestuen

Sendt per epost: postmottak@kld.dep.no

Høyringsuttale om ekspertutvalets rapport om farleg avfall:

Stor kapasitet, velegna geologi, høg kompetanse og langsiktig og svært klimavenleg løysing

Vi viser til ekspertutvalets rapport og vil her koma med våre innspel i forhold til alternativ «Jordalsnuten»

Først vil vi understreka at deponi ikkje er planlagt i sjølve Jordalsnuten, men i eksisterande gruvegangar/fjellhallar nede i berggrunnen nede i Nærøydalen.

BAKGRUNN

Det har vore kontinuerleg gruvedrift sidan oppstarten i 1956, dvs i over 60 år. Vi har ein eigedom på over 600 mål med evigvarande konsesjon på uttak av stein (anortositt). Det er gjort omfattande geologiske undersøkingar som viser at det er mange hundre millionar tonn med anortositt tilgjengeleg. Førekomsten i/ved Nærøydalen er truleg blant dei største i verden. Den einaste førekomsten som kan samanliknast med denne er så vidt vi kjenner til på Grønland.

Vi har ein svært stabil kundemasse med steinullfabrikkar i ti land i Europa som er avhengig av bergarten anortositt i sin produksjon. Årleg uttak er på ca 500 000 tonn, men det aukar kvart år då isolasjon er ein viktig del av det grønne skiftet. Vi leverer også singel og sand som betong- og asfalttilslag. Kvit singel gir lys asfalt som fører til auka trafikktryggleik og redusert energibruk til belysning og dermed også eit godt klimatiltak.

Stort utak av stein gjennom mange år gjer at vi fjellhallar som praktisk talt er klar til å ta mot massar for deponering. Samstundes vert nye fjellhallar sprengt ut kvart år, ikkje for å lage plass til deponi, men på grunn av uttak av anortositt. Med utnytting av dei tomme fjellhallane til deponi i Gudvangen, så kan det lagrast millionar av tonn med avfall i mange tiår framover utan «unødvendig» uttak av fjell for å lage deponi. klargjering av massedeponi hos fører verken til sjødeponi eller anna deponering av steinmassar, vi har heller ingen rest/avfall frå gruvedrifta vår. Tett samarbeid og utviklingsprosjekt med våre kundar gjennom fleire tiår har ført til at vi i dag i motsetning til mange andre former for gruvedrift leverer 100 % av den steinen vi tek ut av fjellet.

GEOLOGI

Det er svært gode geologiske eigenskapar i denne anortosittførekomsten. Fjellet er svært tett og med svært lite hull eller sprekker. Så dei hydrogeologiske eigenskapane ser vi som veldig

gode med svært lite vassgjennomtrenging. Det er også gode geokjemiske eigenskapar som er ein stor fordel for ein del avfallstypar. Og i tillegg er fjellhallane plassert lågare enn utvendig landskap som inneber at det er innoverretta vasstrykk. Med nettverket av tunnelar i gruva så er det lagt svært godt til rette for oppsamling, kontroll og rensing av eventuelt sigevatn.

TRANSPORT OG MILJØ

Gudvangen Stein har tilgang til eigen kai og sjø. Anortositten vert transportert ut med lastebil til kai og båt. Det gjer at vi har stor tilgjengeleg returkapasitet både på båt og bil slik at inntransport av massar ikkje treng generera ekstra transport, men utnytting av transportkapasitet begge vegar. Det er verken behov for investeringar i form av uttak av fjellhallar eller bygging av ny infrastruktur i form av veg, kai osv. Dette gjer at klimaavtrykket frå eit deponi hos oss blir lite.

Det er få naboar i nærleiken til gruva og etter vår vurdering så vil etablering av deponi vera til liten ulempe lokalt. Vi er plassert i eit verdsarvområde, men fortsatt gruvedrift var ein premiss når verdsarvområdet vart oppretta og etablering av deponi vil i realiteten vera positivt for Nærøyfjorden verdsarvområde då det vil føra til at det meste av dagens aktivitet med knuseverk vert flytta inn i fjellet og industriområdet ute i dagen i stor grad kan tilbakeførast/ veksa til med skog igjen. Vidare vil etablering av deponi framskynda omlegging til grøn(elektrisk) gruvedrift og knuseverk, grøn transport og grøn skipsfart. Etablering av deponi vil gi trygge heilårsarbeidsplassar i bygda og vårt inntrykk etter mellom anna å ha hatt open gruve og folkemøte om planane at folk i Nærøydalen i stor grad stiller med opent sinn og vil setta pris på nye arbeidsplassar. Vår samla vurdering er at deponering av massar i eksisterande fjellhallar inne fjellet ikkje er i motsetning eller konflikt med at landskapet «ute» i Nærøydalen har verdsarvstatus. Og dette arbeidar vi med å få avklart opp mot relevante myndigheitsorgan. Gudvangen Stein stod bak etableringa av Holmen Kraft, eit prosjekt som kombinerte gruvedrift med ny veg til fjellbygda Jordalen som var truga av fråflytting og etablering av kraftverk i verdsarvområdet. Det var også i det prosjektet bekymring i forkant i forhold til verdsarv, men via grundig utgreiing og tett dialog så vart det positive tilbake-meldingar frå alle myndigheitsorgan og fjellbygda fekk ny veg og Gudvangen Stein har rikeleg tilgang på kortreist grøn energi til vidare industri og næringsutvikling.

KOMPETANSE

Gudvangen Stein er ingen stor organisasjon, derfor har vi inngått samarbeidsavtale med den største gjennvinnings- og avfallaktøren i Norge – Norsk Gjennvinning som har ein svært stor og kompetent organisasjon til å ta ansvaret for etablering, drift og etterdrift av deponi for farleg avfall.

TID/FRAMDRIFT

Tidsaspektet er svært viktig i denne saka. Vi er om få dagar klar til å oversende eit planinitiativ til Aurland kommune, for å starta opp arbeidet med ny reguleringsplan for fjellhallane. Vi er også i gang med møter i forhold til relevante myndigheitsorgan i forhold vernestatus og verdsarv. Dette er prosessar som kjem til å gå parallelt. Og vi har rikeleg med fjellhallar som står klar. Det som står att av arbeid av praktisk/utførande art før oppstart er av lite omfang og vil på ingen måte vera til hinder for oppstart for vår del i god tid før 2024.

Med helsing
Gudvangen Stein AS

Frode Øvsthus(s)
dagleg leiar

